



DELPROSJEKT «KULTURBYGGING OG VERDIAR»

REFERAT FRÅ MØTE 24.05.2017

Tid og stad for møte: kl.13-15.30, Møterom på brannstasjon, Skodje Kommune

Tilstades: Mads Solberg, Tore Johan Øvstebø, Lars Marius Rindal, Ewa Hildre, Hildegard Mayer, Ingvild Vartdal, Elin Moen, Hilde Sørdal, Kim Andre Breivik, Malin Piegsa (ref)

Fråfall: Geir Peter Aure, Lindis Dalebø, Dag Olav Tennfjord

Saker

1. Referat frå sist møte, sakliste og innkalling godkjent

2. Mandat.

Drøfting rundt mandatutkast rundt bordet. Tore Johan, Elin og Hilde innarbeidar innspel i nytt utkast som blir sendt ut i forkant av neste møte. På møte 15.juni bør gruppa finpusse og lande forslaget til mandat, slik at det kan bli vedteke i fellesnemnda over ferien.

3. Kartlegging.

Som ei bakgrunn til ulike former for kartlegging viste Ingvild ei presentasjon med grunnleggande teori om organisasjonskultur (sjå vedlegg). Presentasjon tek mellom anna utgangspunkt i den norske organisasjonspsykologen Henning Bang.

Oppsummert: Det er mange sider ved dette å kartlegge kultur. Vi må i større grad vite kvifor vi kartlegger og korleis vi skal bruke resultatane. Vi vil vente med å ta ei avgjerd til vi har landa mål, mandat og gjennomført ei ROS-analyse på området kultur.

Innspel i diskusjon er her lagt inn i ei SWOT-analyse:

STYRKER: Gir oss eit bilete som betre kan styre kva tiltak vi setter inn for å styrke organisasjonskulturen og forhindre negative utfall.	SVAKHETER: Usikkerheit om vi måler det vi vil måle. Kultur er noko som er individuelt (lokalt) og ikkje like lett å generalisere og analysere på eit overordna nivå. Gir oss ingenting nytt. Kan bli dyrt og tidkrevande både å førebu, gjennomføre og analysere.
---	--

MULIGHETER: Vi kan jamføre resultat neste gong vi gjennomfører kartlegginga. Ei kartlegging vil kunne bidra til kulturbygging i seg sjølv.	TRUSSEL: Resultata karikerer / polariserer oss og vi mister fokus på målet og framtida.
---	---

4. Vegen vidare

På neste møte (15.juni kl.9.30-13.00 i Haram) har vi tre tema: Visjon /framtidsbilete (oppsummering frå gruppearbeid i styringsgruppa), ROS-analyse og mandat.